

Søknad

Søknadsnr.	2014-0136	Søknadsår	2014	Arkivsak
Støtteordning	Tilskot - nærings- og samfunnsutvikling			
Prosjektnavn	Programstyret for frukt og grønt			

Kort beskrivelse

Programstyret for frukt og grønt er eit samarbeidsorgan mellom det offentleg, frukt og bærneringa og kompetansemiljøa. Målet er å auka verdiskapinga i sektoren gjennom målretta samarbeid og strategiar for dei ulike vekstane. I 2014 blir det sett særleg fokus på alternativ for framtidig, langsiktig finansiering og internasjonal aktivitet.

Prosjektbeskrivelse

Programstyret for frukt og grønt i Sogn og Fjordane er bindeledd mellom offentleg forvaltning, verkemiddelapparatet, næringa og FoU i fylket. Det skal bidra til auka verdiskaping i sektoren gjennom ei langsiktig satsing innan frukt- og grøntsektoren. Målsetjinga er at verdiskapinga skal auka til 120 mill kr. innan 2015. Njøs næringsutvikling er sekretariat for programstyret, og søknaden er i samsvar med utarbeidde planar for korleis selskapet skal bli ein viktig utviklingsaktør innan sektoren i fylket.

Det vart etablert eit arenaprosjekt i frukt og bær i 2010, og prosjektet har fått forlenging med lokal finansiering frå Innovasjon Noreg fram til ut 2016. Arena frukt og bær er eit viktig bidrag til å forsterka programstyret sitt langsiktige arbeid, og kunna byggja strukturar og kompetanse for vidare vekst i sektoren.

Programstyret var utløysande for etablering av Arena frukt og bær, det fyrste arenaprosjektet i landbruk, og det fyrste i Sogn og Fjordane. Dette har medført at måten frukt- og grøntsektoren i fylket arbeider på er blitt lagt merke til av andre sektorar i fylket, og av frukt- og bærdrakarar i andre deler av landet. Programstyret for frukt og grønt er såleis på mange måtar ein pilot for korleis ein kan driva næringsutvikling basert på eit breitt samarbeid mot felles mål.

I 2014 har programstyret for frukt- og grønt fylgjande samansetjing:

- Torbjørn Takle, Fylkesmannens landbruksavdeling, leiar
- Arne Monrad Johnsen, Sogn og Fjordane fylkeskommune/ RFF Vestlandet
- Rikard Lysne, Lærdal grønt BA
- Øyvind Samnøy, Luster grønt AS
- Jens Terje Hammervoll, Sognefrukt BA
- Ola Hopperstad, Sognabær AS
- Svein Kvame, Innvik fruktlager BA
- Stein Harald Hjeltnes, Njøs næringsutvikling AS, sekretær

Aktivitet i 2014

Programstyret legg opp til 2 møte i 2014, der det blir drøfta strategiar for utvikling av sektoren, og

korleis ein skal få samordna sektoren si satsing med offentlege plandokument hjå Fylkesmannen og Sogn og Fjordane fylkeskommune. Programstyret for frukt og grønt ynskjer i år å setja i gang prosessar saman med klyngjeprosjektet Arena frukt og bær, for å drøfta framtidige organisasjonsmodellar. Det er programstyret si oppfatning at arbeid i eit langsiktig program styrkjer samhandlinga og gjev næringa dei beste føresetnader for å møte framtida. I løpet av dette prosjektåret vil ein også vedta kven som skal ha leiarvervet i neste periode.

Programstyret ynskjer å styrkja det internasjonale fokuset for næringa. Det er fleire internasjonale finansieringsordningar, og programstyret ynskjer å leggja til rette for at bedriftene i klyngja kan knyta seg opp mot internasjonale fagmiljø for å styrkja konkurransekrafta. Ein ynskjer også å stimulera til at bedriftene tek del i regionale og nasjonale forskingsprosjekt. Sekretariatet vil fylja opp dette og informera programstyret om aktuelle utlysingar gjennom møte og personleg kontakt.

Sekretariatet er lagt til Njøs næringsutvikling, og vert utført av Stein Harald Hjeltnes. Aktiviteten i programstyret vert rapportert fortløpande inn via www.rup.no. Møtereferata ligg på denne web-sida, men er ikkje opne for ålmenta.

Kontaktopplysninger

Funksjon	Navn	Adresse/poststed	Mobil
Søker / Prosjekteier	Njøs næringsutvikling AS Org.nr:991738150	Njøsavegen 5 6863 LEIKANGER	95734576
Kontakt- person	Stein Harald Hjeltnes	Njøsavegen 5 6863 LEIKANGER	95734576
Prosjekt- leder	Stein Harald Hjeltnes	Njøsavegen 5 6863 LEIKANGER	95734576

Mottatt offentlig støtte tidligere: Ja

Sogn og Fjordane fylkeskommune: 325.000

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane: 325.000

Spesifikasjon

Bakgrunn

Programstyret for frukt og grønt er eit etablert forum som stod bak søknad om Arena frukt og bær frå Sogn og Fjordane. Sekretariatet arbeider ut årlege statistikkar og informerer om status i sektoren. Programstyret ynskjer å vera ein pilot for å visa korleis "triple-helix" kan nyttast til å auka verdiskapinga frå ein sektor og bidra til auka optimisme. Utviklinga i frukt- og grøntsektoren har vore unik i Sogn og Fjordane jamført med andre fylke, og det er grunn til å tru at Programstyret for frukt og grønt har vore ein viktig bidragsytar i så måte.

Prosjekt mål

I 2014 har ein fylgjande spesifikke mål:

1. Arbeida for ei langsiktig finansieringsmodell for strategisk arbeid innan frukt- og grøntsektoren
2. Finna internasjonale partnerar for å søkja internasjonale prosjektmidlar og etablere kontaktar.

Forankring

Programstyret er forankra i næringa gjennom 5 representantar frå frukt- og grøntmiljøet. Frukt og

bær er nemnt som eit viktig område i "Regionalt bygdeutviklingsprogram for Sogn og Fjordane 2013-2016", der Programstyret for frukt og grønt sine figuarar er nytta. Sogn og Fjordane fylkeskommune har også trekt fram satsinga på frukt og bær i FoU-strategi for næringsutvikling i Sogn og Fjordane 2010-2020: "FoU skal sikra velferda til framtidige generasjonar."

Prosjektorganisering

Programstyret har 7 medlemar og ein sekretær

Torbjørn Takle, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, leiar

Arne Monrad Johnsen, Sogn og Fjordane Fylkeskommune/ RFF Vestlandet

Rikard Lysne, Lærdal grønt

Ola Hopperstad, Sognabær

Jens Terje Hammervoll, Sognefrukt

Øyvind Samnøy, Luster grønt

Svein Kvame, Innvik fruktlager

Sekretær: Stein Harald Hjeltnes, Njøs næringsutvikling

Samarbeidspartnere

Dei viktigast samarbeidspartnarane er:

Lerum

Tine Vik

Balholm

Gartnerhallen

Bama

Aktiviteter

2 møte i programstyret

Innsamling av data frå mottak og presentasjon av statistikk

Presentasjon av statistikk frå offentlege datakjelder

Foredrag og presentasjon av Programstyret eksternt

Partnersøk i EU med tanke på prosjektutvikling

Målgrupper

Frukt- og grøntnæringa i Sogn og Fjordane og elles i landet

Landbruket sine organisasjonar

Det offentlege

Resultat

Fått drøfta breitt alternativ for framtidig, langsiktig organisering av programarbeid i frukt- og grøntsektoren i fylket

- Fått etablert internasjonalt nettverk med tanke på å utvikla søknad

Effekter

Verdien av frukt- og grøntnæringa var i 2013 på like over 100 mill kr, og me forventar at den vil passera 120 mill i 2014.

Auka optimisme i frukt- og grøntnæringa

Bidra til å auka synlegheita til frukt- og grøntnæringa i samfunnet

Tids- og kostnadsplan

Tidsplan

2014 juni: Data for produksjon 2013 ferdig bearbeidd og presenter

2014 september: Internasjonale kontaktar etablert og aktuelle område identifiserte

2014 november: Møte i programstyret

2014 desember: data innsamla og ferdig presentert og rapportert

2014 desember: Møte i programstyret

2015 mars: Rapportering

Kostnadsplan

Tittel	2014	2015	2016	2017	2018	SUM
Personal og indirekte kostnader	150 000					150 000
Reiser og møte	50 000					50 000
Sum kostnad	200 000					200 000

Finansieringsplan

Tittel	2014	2015	2016	2017	2018	SUM
BU-midlar Fylkesmannen S&Fj	100 000					100 000
Tilskot - nærings- og samfunnsutvikling	100 000					100 000
Sum finansiering	200 000					200 000

Geografi

1416-Høyanger, 1417-Vik, 1418-Balestrand, 1419-Leikanger, 1420-Sogndal, 1421-Aurland, 1422-Lærdal, 1424-Årdal, 1426-Luster, 1443-Eid, 1445-Gloppen, 1449-Stryn

Vedleggsliste

Dokumentnavn	Filstørrelse	Dato